

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 130/2007**

av 28. september 2007

om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala (Statistikk)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XXI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 94/2007 av 6. juli 2007⁽¹⁾.
- 2) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 458/2007 av 25. april 2007 om det europeiske systemet for integrerte statistikkar over sosial tryggleik (ESSPROS)⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XXI til avtala etter nr. 18t (kommisjonsforordning (EF) nr. 215/2007) skal nytt nr. 18u lyde:

"18u. **32007 R 0458**: Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 458/2007 av 25. april 2007 om det europeiske systemet for integrerte statistikkar over sosial tryggleik (ESSPROS) (EUT L 113 av 30.4.2007, s. 3).

Forordningens bestemmelser skal for denne avtales formål gjelde med følgjande tilpasning:

Denne forordning får ikke anvendelse for Liechtenstein."

⁽¹⁾ TEU L 328 av 13.12.2007, s. 46, og EØS-tillegget til TEU nr. 60 av 13.12.2007, s. 32.

⁽²⁾ TEU L 113 av 30.4.2007, s. 3.

Artikkel 2

Teksta til forordning (EF) nr. 458/2007 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 29. september 2007, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.